



Det Kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement
pb 8112 Dep
0032 OSLO

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	12/1696-14/14/6023/Solfrid Løvbrekke Handeland	250	12.06.2014

Høyring Statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetting av kommunereforma.

Kommunestyret i Sauda kommune har i møte 11.06.2014 fatta følgjande vedtak i samband med høyring

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre finn ikkje at kommunereforma, slik ho er omtala i kommuneproposisjonen 2015, er grunn nok til å endra reglane for låneopptak i kommunane. Sauda kommunestyre ynskjer ikkje ei slik endring i kommunelova som regjeringa føreslår.


KOM-049/14 VEDTAK:

Vedtatt mot ein stemme, Jan Birger Eide, FrP.

Sauda kommunestyre finn ikkje at kommunereforma, slik ho er omtala i kommuneproposisjonen 2015, er grunn nok til å endra reglane for låneopptak i kommunane. Sauda kommunestyre ynskjer ikkje ei slik endring i kommunelova som regjeringa føreslår.

Viser elles til vedlagte sak.

Med helsing
Kundetorget


Solfrid Løvbrekke Handeland
politisk sekretær/fagleder Kundetorget

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
049/14	Kommunestyret	11.06.2014

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak
250	Wictor Juul	12/1696

Høyring Statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetting av kommunereforma.

Lovframlegg om statlig godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetting av kommunereforma.

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre finn ikkje at kommunereforma, slik ho er omtala i kommuneproposisjonen 2015, er grunn nok til å endra reglane for låneopptak i kommunane. Sauda kommunestyre ynskjer ikkje ei slik endring i kommunelova som regjeringa føreslår.

11.06.2014 KOMMUNESTYRET

Følgjande representantar tok ordet i saka:

- Laura Seltveit, AP
- Eirik Birkeland, SP
- Eli-Jorun Tangeraas, H
- Bernt Egil Strømme, KrF
- Frode Sulen, AP
- Ivar Tangeraas, H
- Wenche Hoftun, AP
- Jan Birger Eide, FrP

KOM-049/14 VEDTAK:

Vedtatt mot ein stemme, Jan Birger Eide, FrP.

Sauda kommunestyre finn ikkje at kommunereforma, slik ho er omtala i kommuneproposisjonen 2015, er grunn nok til å endra reglane for låneopptak i kommunane. Sauda kommunestyre ynskjer ikkje ei slik endring i kommunelova som regjeringa føreslår.

Sauda, 10.06.2014

Wictor Juul
rådmann

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.05.2014	Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kom (L)(53138).pdf	181103
10.06.2014	Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereformen	181102
10.06.2014	Høyringsnotat med frist 25 juni 2014.pdf	181104

Samandrag:

I samband med den tillyste kommunereforma foreslår regjeringa at alle kommunale lån, finansiell leasing og langsiktige leigeavtar skal godkjennas av staten ved fylkesmannsembetet. Kort kan ein seia at alle kommunar vil bli omfatta av dei sama godkjenningsordningane som dei såkalla ROBEKK kommunane er per dato. Endringane i lova skal gjerast for å hindra at enkelte kommunar tek opp lån som gjer at kommunesamanslåing vert vanskeleg ved at den einskilde kommune sine økonomiske forpliktingar skal svarast for av alle kommunar som vet slått saman. Lovendringa gjeld for 2015 budsjettet, men gjeld frå 14.mai 2014 for alle disposisjonar som gjeld budsjettet for 2015. Dette om lova vert vedteken.

Lover, føresegner, rundskriv:

Grunnlova, kommunelova.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak:**Fakta:**

I høringsnotatet frå regjeringa ved kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) syner dei sentrale styresmaktene at dei ynskjer å få til ei godkjenningsordning før kommunar kan ta opp nye lån. Dette vil dei gjere ved å endra § 60 i kommunelova. Eit nytt punkt 6 skal lyda slik:

I

Også for kommunar som ikkje er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller om langsiktig avtale om leie av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar som kan påføre kommunen utgifter ut over fire budsjettår, ikkje gyldig før det er godkjent av fylkesmannen. Kommunar som inngår kontraktar som krev godkjenning, må orientere sine med kontraktørar om kravet om godkjenning.

III

Lova tek til å gjelde straks, med verknad frå og med 14. mai 2014.

Grunngjevinga for denne endringa er formulert slik i høringsnotatet:

Kravet om statleg godkjenning skal førebyggje at lån, investeringar eller lokaliseringar lokalt skaper usemje mellom kommunar som kan vere aktuelle kandidatar for samanslåing. For å nå måla i kommunereforma, kan det vise seg vesentleg å unngå at investeringar og lokaliseringar dei komande åra snevrar inn kva for inndelingsendringar som lokalt blir oppfatta som aktuelle. For at dei samanslåtte kommunane etter reforma ikkje skal få svekka handlefridomen sin, er det vesentleg å unngå auka opplåning i

forkant av reforma og å sørgje for at nye bygg osb. ikkje får ei lokalisering som gjer drifta av den nye kommunen vanskelegare.

I dei tilfella der investeringane til dømes har karakter av strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma, vil departementet kunne la vere å godkjenne, heilt eller delvis, at kommunen tek opp lån eller inngår ein langsiktig leigeavtale, sjølv om føremålet isolert sett skulle vere lovleg. Kravet om statleg godkjenning av lån osb. er meint å hindre reint strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Det er ikkje tenleg å legge avgrensingar på investeringsnivået i seg sjølv. Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen ikkje nekte eit lån utifrå ei rein økonomisk vurdering.

Denne styrkinga av den statlege kontrollen krev ei endring i kommunelova. Endringane vil innebere at også dei kommunane som ikkje er registrerte i ROBEK etter kommunelova § 60 nr. 1, vil bli underlagde lånegodkjenning. For kommunane vil dermed denne statlege, økonomiske kontrollen gjelde utan vilkår for budsjettåra 2015–2017.

Økonomiske konsekvensar:

For Sauda kommune vert konsekvensen at me må søkja om å oppta lån som gjeld neste år allereie no.

Vurdering og konklusjon:

Dette er etter rådmannen sitt syn eit inngrep i det kommunale sjølvstyret. Sidan signala frå regjeringshald så langt har vore at kommunereforma skal tuftast på friviljug tilslutning frå den einskilte kommune, kan det tolkast slik at prinsippet om friviljug tilslutnad er på hell.

Samstundes kan rådmannen sjå et låneopptak og plassering av nye bygg kan nyttast strategisk i forhandlingar ved kommunesamanslåing. Erfaringane syner at det ikkje har vore naudsynt med denne type godkjenning tidligare. Dei siste 20 åra har 14 kommunar slått seg saman. Desse samanslåingane har vore friviljuge.

Når kommunereforma føreset at kommunane skal slå seg saman friviljug ser ikkje rådmannen at det er noko prinsipiell grunn for endringa av tidligare praksis. Dette gjeld med mindre departementet meiner at det kan bli aktuelt med omfattande tvangssamanslåing av kommunar våren 2017. Dersom kommunane har tillit til løfta om at det ikkje skal skje tvangssamanslåing vil det ikkje være aktuelt å foreta uansvarlege eller dårlig grunna investeringar i åra som kjem. Kommunar som tek opp lån som strategi risikerer da å måtte bære følgjene av slike uvettige låneopptak sjølve.

Rådmannen ser ikkje at det er naudsynt å gripa inn i den kommunale sjølvråderetten på ein slik måte for å hindra strategiske låneopptak.